

# Årsrapport Cittaslowrådet i Ulvik 2022



Cittaslowrådet i Ulvik har 12 medlemmar som i 2022 har vore:

- Haugesenteret – Geir Netland (kultur), rådsleiar
- Slow Food Hardanger- Jorid Lekve Eide
- Ulvik herad, politisk vald – Ingrid Prestegard
- Ulvik herad, politisk vald - Hanne Li
- Ulvik ungdomsråd – Johanna Hjeltnes med vara Simen Bakkan Ådland
- Ulvik næringslag – Anders Oppheim (næringsliv)
- Brakanes skule – Anne Hjelmevoll (undervisning)
- Hardanger produksjonsskule – Håkon Gjerde (undervisning)
- Ulvik barnehage – Sonja Haugland (oppvekst)
- Ulvik idrettsråd – Hulda R Thorbjørnsen (frivillige lag og organisasjonar)
- Ulvik bygdekvinnelag – Solgunn Wiik Bjørke (frivillige lag og organisasjonar), nestleiar
- Ulvik bondelag – Stein Olav Kolås (landbruk)

Rådet har hatt fem møte, og har mellom anna handsama handlingsprogram og aktivitetsskalender, førebuing og evaluering av eigne arrangement, og søknader om sertifisering frå lokale bedrifter.

I samband med markering for sertifiserte bedrifter, fekk vi eit fint oppslag i avisa Hordaland.

Rådsleiar og sekretær har representert rådet i samband med arrangement og møte der rådet har vore invitert.

Rådsleiar, nestleiar, sekretær og ordførar representerte Ulvik på nordisk nettverksmøte i Svendborg 18. – 20. mai.

## Aktivitetar gjennom året

### Cittaslowskilt i bygda

Det er hengt opp 8 skilt med logo og info om Cittaslow (norsk og engelsk tekst) på ulike stader i sentrum av bygda.



# Årsrapport Cittaslowrådet i Ulvik 2022



## Sertifisering av verksemder

Rådet har godkjend søknader i to rundar, fem bedrifter i februar og tre i september. Dei fem første vart invitert til samkome og utdeling av plakett på Den Grøne Kafé, dei tre siste fekk plaketten på Oktobertorget.

Rådet har vedtatt tiltak for oppfølging av sertifiserte verksemder, og skal lage eit system for resertifisering. Ulvik har no 14 sertifiserte verksemder:

Brakanes hotel, Haugesenteret, Den grønne kafé, Kådn & Alde, Turistkontoret/Handelslaget, Hardanger Guesthouse, Floke frisør, Hjørnevik Vedlikehald og Service, Undeland Gard, Strand Fjordhotel, Hardanger basecamp, Ljono Stauder, Aldegarden og Haukeland data og boligbytte.



Godkjende bedrifter mars 2022

## Ryddedagar i starten av mai

Det vart gjennomført ryddedagar i veke 18 med skule og barnehage. Felles rydding i sentrum laurdag 7. mai, med kaffi, saft og bollar til alle «ryddarar».

## Ny reiselivsstrategi

Rådet har vore representert i styringsgruppa for reiselivsstrategi for Ulvik, som vart vedtatt i heradsstyret i juni. Strategien legg vekt på kvalitetar som Cittaslow i den vidare reiselivsutviklinga.

## Utviding av poetiske stoppestader

Haugesenteret har tatt initiativ til utvida prosjektet «Poetiske stoppestader» på Frukt og siderruta og i barnehagen. Prosjektet er finansiert av Nynorsk kultursentrum. Heradet vil bidra med eit informasjonsskilt om den gamle gravplassen i Prestagarden.

## Deltaking på Nordisk Cittaslow-nettverk i Svendborg, 18. – 20. mai

Leiar, nestleiar, ordførar og nærings sjef deltok på nettverksamlinga, og fekk gode innspel og eksempel på korleis Cittaslow sine verdiar vert brukt og synleggjort i dei nordiske medlemskommunane, og særskilt i Svendborg.

# Årsrapport Cittaslowrådet i Ulvik 2022



## **Ulvik vertskap for nordisk nettverkssamling i 2023**

Heradsstyret godkjende Cittaslowrådet sitt ønske om å vere vertskap for nordisk nettverkssamling i 2023. Rådet har ansvar for planlegging og gjennomføring av samlinga.

## **«Våg deg med», aktivitetsdag i Holmen 28. august**

Etter initiativ i rådet, arrangerte Ulvik idrettsråd aktivitetsdag i Holmen, der heile 9 lag og organisasjonar samarbeida om å presentere sine aktivitetar, og la deltakarane prøve dei ulike tilboda. Arrangementet er gratis. Det kom om lag 200 besøkande som til saman deltok på 655 ulike aktivitetar.

## **Poesifestivalen 9. – 11. september**

Slow Food Hardanger stod for festivalkroa under heile Poesifestivalen.

## **Oktoberorg-helg 31. september - 2. oktober**

Oktoberorg-helga vart gjennomført frå fredag 31. september til søndag 2. oktober, etter same mal som tidlegare. Brakanes hotell hadde i tillegg konserthelg med brødrane Hjeltnes, og mykje folk på hotellet. Alle konsertar og aktivitetar var ein del av programmet for helga. Tilbakemeldingar og inntrykk etter arrangementet:

- Ei vellukka helg med mykje folk og godt besøk på alt av arrangement
- Lions hadde omsetnadsrekord
- Godt sal for bygdekvinnelaget som selde kaffi og lappar
- 40 stk på boklesing for born på Haugesenteret
- Godt besøk på Frukt- og siderruta

## **Adventhelg med jolegateopning 25. – 27. november**

Det vart gjennomført adventhelg med jolegateopning og peparkakebygd etter same mal som tidlegare. Det var god oppslutning om jolegateopning og barnekino fredag ettermiddag. 21 bidrag vart levert inn til Pepparkakebygda.

På bygdekvinnelaget si jolemesse laurdag var det færre besøkande mindre handel.

Det er vanskeleg å seie noko om årsaka til dette, men det vil bli vanskelegare å få med utstillarar/produsentar om ikkje handelen tar seg opp neste år.

Trygg Trafikk deltok med aktivitetar for born på Allmenningen, og hadde ein del deltakarar her.

Kyrkja hadde ikkje noko på søndagen då dei måtte flytte lysmesse til ei anna helg grunna vikarprest.

Rådet vil gå ut tidleg med planlegging og kontakte dei aktuelle samarbeidspartnarane for å drøfte korleis ein kan løfte arrangementet.

Ulvik 22. mars 23

Mona H Hellesnes  
Sekretær